

Tilleggshøyring for Etnesjøen torg- og kaiområde – Vurdering av om område for opplevingssenter, T2 vert omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing

Vurdering jf. forskrift om konsekvensutgreiing inkl. rettleiar av 2021 og kommentarutgåve til forskrifta av 2017.

Det er tidlegare gjort ei vurdering der det vart konkludert med at detaljreguleringa for Etnesjøen torg- og kaiområde ikkje er omfatta av forskrift av konsekvensutgreiing, *jf. skriv utarbeida av Etne kommune*. I ettertid er det kome innspel om det kan førast opp eit senter for oppleving innanfor planområdet. Lokalt vert prosjektet omtalt som Magnushallen. Endring av planframlegget krev ny offentleg høyring og ettersyn. Det må også vurderast om endringa i planframlegget/tiltaket utløyer krav om konsekvensutgreiing. Samanlikna med det opphavlege planframlegget har det vore naudsynt å utvide plangrensa noko i sjøområdet mot vest. Føremålet med utvidinga er å sikre at all forankring kjem innanfor plangrensa.

Endringa i planframlegget vert omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing §6 bokstav b dersom endringa legg opp til tiltak i vedlegg I. Vedlegg I punkt 1 til 30 er gjennomgått, men er ikkje relevant for det planlagde tiltaket. Endringa vert dermed ikkje omfatta av forskrifta si §6, men skal likevel vurderast etter forskrifta si §8. Reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II skal jf. §8 bokstav a konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader etter §10. Desse skal ikkje ha planprogram eller melding.

Kort skildring etter §9 i forskrifta som grunnlag for vurdering av om endringa i planframlegget kan få vesentlege verknader:

a) planen eller tiltaket, tiltaket sine fysiske eigenskapar og lokalisering og eventuelle rivingsarbeid

Endringa i planframlegget legg til rette for at det kan førast opp eit opplevingssenter på ein flytande konstruksjon i forlenging av Sjoarreset. Prosjektet har fått namnet Magnushallen og føremålet med tiltaket er å formidle bygda si kulturhistorie. Sjølve opplevingssenteret er 13,2 x 16,6 meter, og ligg på ei flytebrygge med omfang på 18 x 25 meter. Inkludert gangtilkomsten frå land (også flytande), er avsett areal i plan 855 m².

b) miljøverdiar som kan verte rørt og som krev særskilte omsyn

Kommunen har ein rik kulturarv av både lokal, regional og nasjonal interesse, der Etne sentrum er ein del av KULA, Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. I tilhøyrande rapport om området under delkapittel «Sårbarheit og retningsliner for forvaltning» er det gitt retningsliner for forvaltninga av området. Her går det fram at 1) Landskapet er sårbart for masseuttak og for nybygging som gjer at terrassane i mindre grad framstår som i dag, og 2) Åssidene er sårbare for store bygg og inngrep som kan truge leselegheita til den historiske jordbruksbygda. Tiltaket med Magnushallen vil ikkje føre til slik nedbygging, men heller styrke den kulturhistoriske verdien.

Etne kommune har nyleg laga ein kulturmiljøplan 2022-2026 som gir godt grunnlag for ein heilsakleg kulturminneforvaltning. Føringer i kulturmiljøplanen er vidareført til reguleringsplanen.

I samband med høyring av planforslaget har det blitt gjennomført marinarkeologisk grunnundersøking av sjøbotnen innanfor planområdet og det er ikkje gjort funn.

c) planen sine forventa vesentlege verknader som følge av reststoff, utslepp og produksjon av avfall

Ingen.

d) forventa vesentlege verknader som kan følge av bruken av naturressursar

Ingen.

Av §10 går det fram kriterium for vurdering av om planendringa kan få vesentleg verknad for miljø eller samfunn.

a. Storleik, planområde og utforming

Endringa i planframleggget fører med seg ei utviding av det opphavlege planområdet frå om lag 39 daa til om lag 43,7 daa. Utvidinga skjer i sjøområdet mot vest, og føremålet med utvidinga er å sikre at all forankring av opplevingssenteret med flytebryggje skjer innanfor planområdet.

Tiltaket er plassert under arealføremålet, Offentleg/privat tenesteyting, og storleiken på arealføremålet er 855 m² med maks BYA = 60%.

Tilkomst til opplevingssenteret vil vere frå kai (o_TO3) via ei 25 m lang flytebrygge. Takform skal utformast med saltak og maks byggehøgd er sett til +11,5. Ornamentering kan kome i tillegg. Bygningen skal førast opp med glasfelt som sikrar siktlinje mellom Sjoarreset og sjø.

b. Bruken av naturressursar, særleg areal jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar

Ingen

c. Avfallsproduksjon og utslepp

Ingen

d. Risiko for alvorleg ulukke og/eller katastrofar

- Konflikt mellom badande og båttrafikk

Det opphavlege planforslaget legg opp til utviding av eksisterande småbåthamn med ei ny flytebryggje og utriggarar for besøkjande. Dersom opplevingssenteret vert realisert, vil dette tiltaket med flytebrygge og bygning fungere som eit fysisk skilje mellom arealet som er avsett til BSV1 som er eit fleirbruksområde for ferdsel/farlei/hamn, natur og friluftsliv og BSV2 som er eit

fleirbruksområde for ferdsel/farlei/hamn, natur og friluftsliv men med prioritet for friluftsliv og mjuke trafikantar.

- **Farlei**

I fjorden går det farlei mot den kommunale kaien for lasteskip på industriområdet Tongane. Planlagde tiltak vil ikkje vere i strid med farleia.

- **Forankring av tunge/store konstruksjonar**

Etablering av eit opplevelingssenter på flytebryggje vil krevje kraftig forankring til sjøbotnen. I føresegndene vert det sett krav til at forankringa ikkje skal vere til hinder eller fare for ferdsel eller badande.

- **Fall i sjø**

Ved personopphold på og ved sjø vil det alltid vera en viss fare for at det kan førekome fall i sjø. Opplevelingssenteret må utformast etter krava i TEK 17 for å sikre tilstrekkeleg tryggleik for tilsette og besøkjande.

Vidare er det gjort ei vurdering av punkta i §10 punkt a til h.

10. a verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markalova § 11, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.

Etnefjorden er registrert som nasjonal laksefjord og i tillegg er det registrert område for blautbotn nærlieken. I samband med reguleringsplanen er det utført felter arbeid og utarbeida ei vurdering av naturmangfaldet i sjø. Førebels er det gitt signal om at det ikkje vart gjort funn av sårbar naturmangfald ved felter arbeidet. Endeleg rapport er ikkje utarbeidd på noverande tidspunkt.

Det er vidare vurdert at lokaliseringa og påverknaden på omgjevnadane ikkje kan medføre eller kome i konflikt med dei vidare punkta i §10 punkt b til h.